Statsadministrasjonen

# Dokumentliste

Sak

Reguleringsplan for området Sjauset stølslag

Sjauset, Gol kommune

Gol k, Buskerud

I

| Dok.nr. | Dato | Dokument (type, tittel) | Merknader |
|---|---|---|---|
| 1 | 300885 | Overs.brev Fylkesmannen i Buskerud - UO | m/vedlegg |
| 2 | 240985 | Oversendelsesbrev Fylkesmannen i Buskerud - UO | m/vedlegg |
| 3 | 251185 | Brev UO - Fylkesmannen i Buskerud | |
| 4 | | Notat til top.ark. ang. tlfsamtale 060186 v/T.H.Haraldsen | |
| 5 | 150186 | Brev T.Renslo - UO | |
| 6 | 030486 | Brev T.Renslo - UO | |
| 7 | 070486 | Brev UO - T.Renslo | |
| 8 | 03.06.86 | Innberetning V/Espen Uleberg. 15 kullgroper og 1 slagg-forekomst. Flere av gropene ligger i tilknytning til hyttetomter. | |
| 9 | 21.06.86 | Brev. fra T. Renslo, han visr til at det forligger et grunneier forlik i ferdelingen av hytter. Det kan således få store konsekvenser om flere av hyttene må trekkes ut av planen. | |
| 10 | 24.07.86 | Brev til fylkesmannen og kommunen. Reg. med kartbilag vedlegges, vi ber kommunen justere planen slik at fornminnene blir liggende utenfor"fritidstomt" og at revidert utkast oversendes oss til uttalelse. Kopi til Renslo. | |
| 11 | 20.07.86 | Innberetning V/T.H. Haraldsen. Tett undervegetasjon gjør gjennfing av objektene vanskelig. | |
| 12 | 29.juli | Nota v/t.H.Haraldsen om samtale med teknisk sjef Fjøsne. | |
| 13 | 29.juli | Brev. T.H.Haraldsen til hr.Renslo med kop. avbrevet til kommunen. | |
| 14 | 20.08.86 | Innberetning om - flytting av hytter og funn av flere fornminner V7T.H.Haraldsen. Ingen fornminner må frigis + kladd kart og forslag til endelig reg. kart. | |
| 15 | 02.09.86 | Brev til kommunen v/T.H.Haraldsen med vilkårene for plangodkjennelse. | |

(1)

FYLKESMANNEN I BUSKERUD

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. 002022 26 SEP 85
SAKSB. AEC ARK.Nr.

Universitetets Oldsaksamling
Frederiks gt. 2
0164 OSLO 1

| DERES REF. | VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR) | DATO |
|---|---|---|
| | Jnr. 2119/85 ark. 714.8 OAB | 24.09.1985 |

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG.
GOL KOMMUNE.

Overnevnte reguleringsforslag er mottatt hos fylkesmannen for stadfesting i medhold av § 27 i bygningsloven av 18.06. 1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 fra Miljøverndepartementet.

En ber herved om Oldsaksamlingens uttalelse til foreliggende planforslag.

./. Vedlagte saksdokumenter bes sendt i retur med uttalelsen.

Etter fullmakt
Olfrid Buer
Olfrid Buer

Postadresse
Fylkeshuset
3000 Drammen

Kontoradresse
Haugesgt. 89

Telefon
(03) 83 81 50

Telex
71468

# REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG

§ 1

Det regulerte området er på plankart C-1-12 dagsett 24.02.1982 vist med reguleringsgrense. Utnytting i området skal skje i samsvar med reguleringsplan.

§ 2

Før byggjeløyve vert gjeve skal det liggje føre tomtedelings-/utbyggingsplan godkjend av bygningsrådet for vedkomande byggeområde eller så stor del av planområdet som bygningsrådet finn bør detaljplanleggjast samla.

§ 3

OMRÅDE FOR HYTTER OG FRITIDSHUS

Tal for hytteeiningar i dei einskilde hyttefelt er påført plankartet. Med hytteeining meiner ein eitt fritidshusvære med tilhøyrande uthus. Kvar hytteeining kan oppførast med inntil 100 m2 golvareal.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar sjå til at bygga får god form og materialbruk.

Alle bygningar skal ha saltak og må ikkje ha meir enn ei høgd.

Form, høgd og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

Grunnmr skal vere tett. Der det vert nytta søyle-/pillarfundament må felta mellom desse stengjast forsvarleg.

§ 4

JORD- OG SKOGBRUKSOMRÅDE

Område skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Det kan oppførast bygningar som har med slik drift å gjera.

§ 5

TRAFIKKOMRÅDE

Langs vegar som er opne for ålmen ferdsel skal det vera 30 m. byggelineavstand frå vegmidte.

§ 6

Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse reguleringsføresegnene innanfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for kommunen.

U T S K R I F T

av møteboka for TEKNISK HOVUDUTVAL/BYGNINGSRÅDET
i møte 09.10.1984.

Av 7 medlemmer var 6 tilstede

Sak nr.: 274/84 B

L. [illegible]
OF/at

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG

Sakdokument:

1. Planforslag med tilhøyrande føresegner.
2. Bygningsrådssak 257/83 - 1. gongs behandling.
3. Kunngjering av planen i avisene, brev dagsett 05.01.1984.
4. Brev dagsett 12.01.1984 til styrer, råd, instansar som har interesse i planen.
5. Utskrift frå møte i generalplanutvalet 30.01.1984, sak nr. 27.
6. Utskrift frå møte i kulturutvalet 27.02.1984, sak nr. 6.
7. Utskrift frå møte i landbruksnemnda 23.08.1984, sak nr. 82.
8. Utskrift frå møte i fylkeslandbruksstyret 24.09.1984, sak nr. 436.
9. Brev frå fylkesrådmannen dagsett 13.02.1984.
10. Brev frå televerket dagsett 27.01.1984
11. Brev frå vegsjefen dagsett 27.02.1984
12. Utskrift frå møte i Hemsedal bygningsråd 04.05.1984, sak nr. 86.
13. Brev frå teknisk etat i Ål dagsett 05.04.1984.
14. Brev frå Thorleif Kinnebergbråten og Lars Lien v/advokat Asle Hesla dagsett 25.01.1984
15. Brev frå Ole Flatland dagsett 01.02.1984.
16. Brev frå Erling Lio dagsett 30.01.1984
17. Brev frå Kjell Haunedokken og Lars Lien dagsett 29.01.1984
18. Brev frå Tomas Roe dagsett 29.01.1984
19. Brev frå Torstein Roe dagsett 18.01.1984.
20. Brev frå Gol og Hemsedal lensmannskontor/Ringerike politikammer dagsett h.h.v. 16.01. og 18.01.1984.

REGULERINGSSJEFEN SINE MERKNADER:

Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn i tida 10.01. - 31.01.1984, og er sendt styrer, råd og instansar til uttale.

Ål kommune, Hemsedal kommune, vegsjefen, televerket, fylkesrådmannen, kulturutvalet og generalplanutvalet har ingen vesentlege merknader til plan/føresegner.

Landbruksnemnda/fylkeslandbruksstyret har, etter samråd med grunneigarane, tilrådd flytting av tomt tilhøyrande Per Sæther til nordsida av vegen der det er ein hyttekonsentrasjon frå før. Vidare flytting av den vestlegaste tomta til Randi Kinnebergbråten lenger ned og aust mot den austlegaste av tomtene. Vidare justering av hyttetomtene til Halvor Brennhovd.

Reguleringssjefen har ingen innvendingar til dette, då endringane er gjort i samråd med dei respektive grunneigarane og planforslaget ikkje treng leggast ut til offentleg ettersyn på nytt, - når det gjeld Per Sæther og Halvor Brennhovd sine tomter.

-/2

Sign.:

Utskrift sendt til:

Nr. 34005 Arvid Ørebech - skjemaforlag, Pilestredet 27, Oslo 1.

Når det gjeld Randi Kinnebergbråten sine tomter viser ein til saksdokument 16 og 17.

Alle protestar er komen inn innanfor klagefristen.

Saksdokument nr. 14:

Advokat Asle Hesla skriv:

"Gjennom årene har jeg hatt en del med ovennevnte setersameie å gjøre - også i forbindelse med deler av Skaraåsutskiftingen. Det har vært en almen oppfatning at en del utskiftede skogparseller som ligger i åsdelet, er utskilt med henblikk på stølsbruk. Dette gjelder bl.a. parsell gnr. 26, bnr. 12, Thorleif Kinnebergbråten og gnr. 26, bnr. 16, Lars Lien. På disse parseller er det bygget hytter på fraskylddelte tomter, henholdsvis til Astrid Fiskvik og Torleif Bråten. På vegne av Thorleif Kinnebergbråten og Lars Lien søker jeg med dette skriv om at de nevnte skogparseller blir tilført Sjauset setersameie forsåvidt angår hyttetomtretter. Det vil i praksis føre til at det samlede antall hyttetomteretter, bebygde og ubebygde, blir utvidet med to - 2, altså de to som er bebygget i skogparsellene."

Reguleringssjefen kan ikkje tilrå overføring av hyttetomtrettar frå andre stølslag/områder til planområdet for Sjauset stølslag. Det vil kunne få konsekvensar for behandling av andre stølslagsområder.

Saksdokument nr. 15:

Ole Flatland skriv:

"Protesten gjelder Hovedstølen 16/11 Groff. Protesterer på feil eigedomsgrense mot Ål kommune, og som følge derav ha rett til omplassering av utlagde hyttetomter. Vil samtidig protestere på Lislaliens tomt i den alt for trange trekant mot Groffs eigedom 16/11. Ber samtidig om at Groffs gård 16/11 ikke blir juridisk låst av nåværende avgjørelser, da gården er under eigarskifte, dette i samråd med Hallingdal skifterett v/dm.fm. Tobiassen."

Ein reguleringsplan endrar ikkje på eigedoms- eller kommunegrense. Lislalien sin tomt er plassert inntil bebygd hyttetomt, og har såleis naturleg tilknytning til bestående tomt med felles veg.

-/3

Sign.: Utskrift sendt til:

Nr. 34005 Arvid Ørebech - skjemaforlag, Pilestredet 27, Oslo 1.

MØTEBOK

Møtested: Kommunehuset Dato: 09.10.1984 Blad nr.:

Sak nr.: 274/84 B



Gnr. 16, bnr. 11 må inngå i planområdet sjølv om det pågår eigarskifte.

Saksdokument 16:

Erling Lio skriv:

"Etter å ha sett over denne planen har eg div. bemerkningar.

1. For å begynne nedanfrå, er det gnr. 26 bnr. 98 Rangdi Kinnebergbråten. I 1967 (23/10) var det her skylddelt 3 tomter på Olav A. Kinnebergbråten. Desse er ikkje tinglyst før 12/12-73. Så videt eg kjenner til vedtaket frå kommunen heiter det at for at tomtene skal bli godkjente som dispensasjonstomter skal det vera "enkeltståande tomter skylddelt og tinglyst før 06.03.73." Desse tomtene fyller såleis ikkje meir enn eit av desse krav, og bør vel ikkje godkjennast. Hvis dei blir godkjente, veit eg at det er andre grunneigarar også som har tomter som kun er skylddelte. Desse er ikkje med på nåverande plan, men dersom ein får det godkjent, så må andre også få med sitt.

2. Gnr. 26, bnr. 16. Th. Kinnebergbråten. Etter forlik i stølslaget av 12. mars 1976 fekk Th. Kinnebergbråten tildelt 1 tomterett. Den 29. juni 1977 fekk Astrid Fiskvik tillatelse av fylkesmannen i Buskerud til å flytta ein tomterett frå gnr. 26, bnr. 16 og til Smylistølen sameige. Dette er også godkjent innan stølslaget, men forisatt står Kinnebergbråten att med 1 tomterett. Denne kan godt stå inntegna på kartet, men det må vera klausul om at den ikkje kan seljast eller bebyggast før tomteretten er flytta attende frå Smylistølen.

3. Gnr. 26, bnr. 12. Lars Lien. Ved forliket av 12. mars 1976 innan stølslaget fekk denne tildelt 3 tomterettar. Her vart også overført 1 tomterett til Smylistølen (Thorleiv Bråten). På kartet er det inntegna 2 tomter. Dersom det går an å føra tomter attende også, så burde vel den 3. tomta også vore inntegna, og med same klausul som skulle vore på Kinnebergbråten si tomt.

4. Gnr. 38, bnr. 16. Erling Lio. Ved forliket fekk også eg tildelt 1 tomterett. Så bygde eg på nokre kvadrat på eit kokehus på stølen, og stølslaget vil så trekkja meg for 1 tomterett for dette. (Tomta er stroken på kartet). Dette er eit vedtak som eg ikkje kan finna meg i, og me har vore i forliksrådet, utan at det vart nokon enighet. Så saka går no til Hallingdal herredsrett. Eg er difor av den meining at denne plan ikkje bør gå vidare før dom i denne saka har falle. I følge sorenskriverkontoret reknar dei med at det må til ei barmarksbefaring, og at saka såleis har mulighet for å koma opp i sumar."

-/-

Sign.: Utskrift sendt til:

# MØTEBOK

Møtested: Kommunehuset Dato: 09.10.1984 Blad nr.:

Sak nr.: 274/84 B



Pkt. 1
Ein er samd i at 3 av tomtene til Randi Kinnebergbråten ikkje fyller krava til gjeldande dispensasjonspraksis i kommunen.
I kommunestyresak 175/78K om forlik og fordeling av hyttetomt-rettande i Sjauset stølslag står det m.a.:

"I fall det kan framleggjast heimelsbrev (skøyte) utferda før 6/3-73 på etternemnde ubebygde tomter:
gnr. 26, bnr. 206, 207 og 208,
gnr.46, bnr. 68, 69, 70 og 76,
gnr.38, bnr. 113,
gnr. 46, bnr. 12,
gnr. 48, bnr. 182 og 137,
og vidare at desse ikkje var medrekna ved fordeling i semje 12/3-76, kan formannskapet rå til at hyttetomt-kvoten til stølslaget vert auka med inntil 11 tomter."

Etter dette meiner ein at hyttetomtene gnr. 26, bnr. 206, 207 og 208 bør utgå av planen.

Pkt. 2
Då hyttetomtretten til Th. Kinnebergbråten vart overført før forlik om hyttetomtrettar 06.05.1978, bør Th. Kinnebergbråten bli ståande med 1 hyttetomtrett, slik forliket er.

Pkt. 3
Overføring av hyttetomtrettar mellom stølslag er problematisk å gå inn på, då dette kan få store konsekvensar for hytteplanlegginga i Gol.

Pkt. 4
I bygningsrådssak 466/78 godkjende bygningsrådet oppføring av tilbygg til kokehus. Trass i dette har stølslaget på kartet teikna inn kokehuset som hyttetomt og belasta hyttetomtkvoten. Ein foreslår ut frå nemnde bygningsrådssak at kokehustomta vert regulert til landbruk og at ny hyttetomt vert teke med i planen på gnr. 38, bnr. 16, på sørsida av hovudvegen.

Saksdokument 17

Kjell Raunedokken og Lars Lien peikar på at 3 tomter tilhøyrande Randi Kinnebergbråten fyrst vart tinglyst 12.12.1973 og såleis ikkje bør vera med i planforslaget.

Reguleringssjefen er samd i dette.

Saksdokument 18:

Tomas Roe skriv slik:

"Eg sendar her eit protestbrev angåande ei tomt som er skyldelt fra Thorstein Roe gnr. 46 bnr. 12 til Tomas Roe

-/5

Sign.: Utskrift sendt til:

som eg fekk som arv. Denne tomta fekk eg før det kom nokon reguleringsplan for Sjauset. Når dere har godkjent andre tomter på samme premisser seinare tid, så kan dere vel ikkje gjøre forskjell, for eg veit om to stykker som har fått det. Tomta var utarbeid på lovleg vis og var skyldsett over til meg og låg føre til godkjenning, så eg gjekk i den trua att alt var i orden. Den gongen hadde eg ikkje råd til og bygge, og eg tenkte ikkje meir over det. Nå har eg gjennom åra ordna meg med materialar og kapital og ventar på godkjenning frå dere, ellers blir det ubehageleghheiter for dere på grunn av at andre har fått godkjent tomter etterpå på samme vilkår som eg etterpå at reguleringsplana tredde i kraft."

Ein kan ikkje gå inn for å ta med tomta i planen, då det ikkje føreligg tinglyst heimelsdokument før 06.03.1975.

Saksdokument 19:

Torstein Roe skriv slik:

"Underskrivne medeigarar i stølslaget protesterer mot plan. Protesten gjeld dei ti tomter som er plassert i tjukkaste stølsområde frå stølen "Veslegården" og austover. Me meiner desse tomter kan leggjast lenger vest i planområde. Til grunngjeving for vår protest vil me peika på at stølane her ligg tett inntil kvarandre. Område må reknast som eit utprega godt jordbruksområde. Fleire av stølane er delvis oppdyrka, og det er investerte betydelege beløp i dyrking, her er også yta statstilskot, Dessutan er stølane dei einaste langstølar som bruka det her gjeld har. Utfrå dette meiner me at bygging av fleire hytter i dette stølsområde vil skapa eit miljø som fortrengjer og blir til skade for jordbruket i framtida. Det er Buskerud fylkeslandbruksstyre og Landbruksnemnda i kommunen som har ansvaret for og ta vare på dei landbruksmessige tilhøve ved planlegging. Me sender kopi av dette skriv til dei etatar."

og i vedlegg slik:

"Jeg protesterer mot den utlagte plan. Som grunngjeving, plankravet over mitt hyttefelt er godkjent og det blev godkjent 6 hyttetomter + 1 tomt som også er godkjent og skylddelt til Tomas O. Roe. Planen blev behandlet i samsvar med dagjeldende regelverk, plankravet er oppfylt. Henviser også til de forlik og fordeling av de 24 nye hyttetomtrettar hvorav jeg fikk tildelt 1 tomt av disse og som jeg fastholder kravet, og denne tomt ble avmerket på kartet samt flere tomter, men som senere er blitt utvisket, da det er foretatt forandringer ombyttinger av hyttetomter på nytt og uten videre, Og fortsatt fastholder

-/6

jeg kravet på 1 tomt som vederlag for tapt grunn ved ulovlig bygget vei over min voll med ulemper til følge. Vil også anklage grunneierne for at jeg er blitt holt utenfor i de senere forandringer av planen og de konferanser som har vært holt i denne anledning. Jeg krever at det blir befaring sammen med grunneierne før fylket tar sitt standpunkt i saken."

Reguleringssjefen kan ikkje tilrå nye tomter utover det som framgår av planforslaget, då det ikkje føreligg tinglyst heimelsdokument før 6. mars 1973.

REGULERINGSSJEFEN SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bygningsrådet tilrår reguleringsplanforslag teikning C-1-12, dagsett 24.02.1982 med fylgjande endringar:

1. Eksisterande kokehus tilhøyrande Erling Lio på gnr. 38, bnr. 16 blir regulert til landbruksføremål og ikkje fritidshus som planforslaget viser. Ny hyttetomt vert regulert inn på gnr. 38, bnr. 16 (vestre teig) på sørsida av hovudvegen.
2. 3 av dei 4 planlagde hyttetomtene til Randi Kinnebergbråten utgår av planen. Gjenståande hyttetomt vert lokalisert til den austlegaste tomten som er vist på planforslaget. Grunngjevinga for dette er at vilkår i kommunestyresak 175/78 om auking av kvote ikkje er tilstades, då det ikkje ligg føre tinglyst heimelsdokument på tomtene før 6. mars 1973.
3. Endra lokalisering av 1 tomt tilhøyrande P. Sæther frå sørsida til nordsida av hovudveg, samt justert lokalisering av 3 hyttetomter tilhøyrande Halvor Brennhovd i samsvar med landbruksnemnda/fylkeslandbruksstyret sitt vedtak.

Protestane frå Thorleif Kinnebergbråten og Lars Lien v/advokat Asle Hesla, frå Ole Flatland, Tomas Roe og Torstein Roe vert ikkje tekne til fylgje.
Merknadene frå Kjell Raunedokken og Lars Lien vert tekne til fylgje.

Merknadane frå Erling Lio vert tekne til fylgje når det gjeld stølsbu (kokehus) som vert omregulert til landbruk med den konsekvens at Lio får 2 nye hyttetomter i samsvar med kommunestyresak 175/78. Merknadane om dei 3 hyttetomtene til Randi Kinnebergbråten vert og teken til fylgje.
Merknadene frå Lio om 1 hyttetomt til Thorleif Kinnebergbråten og overføring av hyttetomtrettar vedr. Lars Lien vert ikkje tekne til fylgje.

Bygningsrådet viser elles til reguleringssjefen sine merknader.

-/7

Sign.: Utskrift sendt til:

**MØTEBOK**

Møtested: Kommunehuset Dato: 09.10.1984 Blad nr.:

Sak nr.: 274/84 B



I samsvar med § 27 pkt. 4 i bygningslova vert saka oversendt kommunestyret for handsaming.

05.10.1984
O. Fjøsne

VEDTAK:

Reguleringssjefen sitt forslag samrøystes vedteken.

Sign.: Rett utskrift:
Gol, 10.10.1984
Åse Tamburplass

Utskrift sendt til:
Gol formannskap - her

Nr. 34005 Arvid Ørebech · skjemaforlag, Pilestredet 27, Oslo 1.

(24)

GOL | Dato: 3/4-85 | Ark: 504.1 | Saksnr.:

# MØTEBOK

Møtested: Kommunestyret
Kommunehuset

Dato: 27.03.1985
18.03.1985

Blad nr.: Arkiv

Sak nr.: 55/85 F 123/85 F 42/85 K

A. 504
OHB/BL

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG.

Eg viser til generalplannemndsvedtak i formannskapsmøte 30.1.84, sak 27/84 F.

Etter at planframlegget har vore utlagt til offentleg gjenomsyn i samsvar med bygningslova § 27, har bygningsrådet i møte 9.10-84, gjenomgått innkomne klager og fråsegner frå 16 personar/instansar (jfr. dokumentliste innt. i utskrift frå bygningsrådet sak 274/84 F)

Planen omfatar 33 nye hyttetomter. Klager og merknader som bygningsrådet har sett bort frå som fylgje av at kommunestyrevedtak i sak 175/78 K, set grense for å ta med i planen utover grunneigar sin kvote tomter som ikkje var tinglyst frådelte før 6.03.73.

I brev 17.10.84 opplyser teknisk sjef at ved ein feil har ein hyttetomt på gnr. 20, bnr. 2, kome med i planen.

../.. Vedlegg: Utskrift frå bygningsrådssak 274/84 F.
Reguleringsføresegner
Brev frå teknisk sjef 17.10.84
÷ Saksdokumenta elles ( 20 stk.) jfr. vedleggsoversyn i utskrift frå sak 274/84 B er utlagde til gjennomsyn saman med andre saksdok.

Etter at formannskapet har motteke saka, har det kome til fylgjande dokument (ikkje behandla i bygningsrådet:
Brev frå advokat Ola Tollefsrud 7.11.84
" " Torstein Roe 19.11.84
" " " " m/vedlegg 21.11.84
" " " " 12.1.85
" " Th. Kinnebergbråten m/fl. 19.1.85
" " Randi Kinnebergbråten 21.1.85
Erklæring frå fleire m/påteikning frå teknisk sjef 10.1.85
./. Desse breva ligg ved i kopi.

Så vidt ein kan sjå er det delte meiningar mellom grunneigarane om korleis hyttetomtkvoten skal delast.
Formannskap/kommunestyre må halde seg til kommunestyrevedtak 175/78 K., og grunneigarane/i alle fall fleirtalet - må avgjere korleis tomtene skal delast.

FRAMLEGG til vedtak:

Saka vert å sende attende til stølslaget med oppmoding om å ta fordelinga opp til ny vurdering.

Tilleggskvote kjem det ikkje på tale å rekna med.

Gol, 31.1.1985
Olav H. Bale

I formannskapsmøte den 11.02.1985 vart saka utsett (til neste møte).

/2

Sign.: | Utskrift sendt til:

# MØTEBOK

Blad

| Kommune | Styre, råd, utval, m.v. | Møtestad | Møte dato |
|---|---|---|---|
| Gol<br>Gol | Kommunestyret<br>Formannskapet | Kommunestyresalen<br>Kommunehuset | 27.03.1985<br>18.03.1985 |

Sak nr

123/85 F   42/85 k

- 2 -

Samrøystes TILRÅDING i formannskapet 18.03.1985:

På grunn av dei skriv og protestar som har kome inn etter bygningsrådsbehandlinga av saka, vert saka å sende attende til stølslaget til ny handsaming.
Eit tilnerma samrøystes vedtak frå stølslaget vil vere avgjerande for om saka skal bli teke oppatt i formannskap/kommunestyre.

Kommunestyret gjorde i møte 27.03.1985 samrøystes VEDTAK i samsvar med tilrådinga.

Rett utskrift:
Gol, 28.3.85

Berit Langehaug

Sign.

Utskrift send til

Sjauset stølslag v/ Th. Kinnebergbråten
teknisk etat, alle som har fråsegner vedk. saka blir underretta, (jfr. saksutgreiinga og innleiing til sak 274/84 i teknisk hovudutval)

K-blankett 2549 N
Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo 2-84

Kommunane sin arkivnøkkel: 026

(27)

**MØTEBOK**

4.7.85 504.1 Blad OF

| Kommune | Styre, råd, utvalg m. v. | Møtested | Møte dato |
|---|---|---|---|
| Gol | Kommunestyret | Kommunehuset | 26.06.1985 |
| Gol | Formannskapet | Kommunehuset | 17.06.1985 |
| Gol | Formannskapet | Kommunehuset | 03.06.1985 |

Sak nr. 215/85 F 241/85 F.

Utsett K. sak 42/85 110/85 K.

REGULERINGSPLAN FOR SJAUSET.

Vedlegg: Forlik i Sjauset stølslag 25.april 1985.

Etter avtale mellom ordføraren og grunneigarane skulle saka føreleggjast eigarane i nytt møte før reguleringsplanen vert behandla.

Samrøystes VEDTAK i formannskapet 03.06.1985:

Saka vert å sende attende til stølslaget til fråsegn før saka blir behandla i formannskapet - etter at bygningsrådet har uttala seg.
Nytt vedlegg: Brev frå teknisk sjef 13.6.85

Samrøystes TILRÅDING i formannskapet 17.06.1985:

Formannskapet rår til at reguleringsplanframlegg på kart C - 1 - 12 dagett 24.02.1982, sist korrigert 03.06.1985, med fylgjande rettingar, vert vedteke:

1) Ei bebygd hyttetomt på gnr. 38, bnr. 16 vert påført

2) Formannskapet rår difor til at det endra planforslaget med den merknad at den nordlegaste av tomtene til Rangdi Kinnebergbråten bør flyttast til området mellom dei to sørlegaste tomtene fordi den nordlegaste tomta har ei uheldig lokalisering oppe på ein haug.

Kommunestyret i møte 26.06.1985:

Brev dagsett 25.06.1985 frå Rangdi Kinnebergbråten vart lagt fram i kommunestyret.

Ordføraren gjorde framlegg om at punkt 2 i formannskapet sitt framlegg skulle gå ut.
Med denne endringa vart framlegget til formannskapet sitt framlegg vedteke.

Sign.

Rett utskrift
Gol, 26.06.1985
Beit Langehaug

Utskrift sendt til
Styret for Sjauset stølslag
Teknisk etat/bygningsrådet

K-blankett 2549
Forlag: Sem & Stenersen A/S, Oslo 2-84

SJAUSET STØLSLAG
================

FORMANNSKAP
01240 . -3.6.85
A-Arkiv nr. 504-3

F O R L I K

År 1985, den 25. april gjorde støleigarane i Sjauset stølslag forlik om utarbeiding av reguleringsplan for stølslagsområdet.

Forliket er å sjå som endring av forliket som vart gjort 28. april 1978.

I

Fylgjande tal for nye hytter vert å leggje til grunn for utarbeiding av reguleringsplan for Sjauset stølslag:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gnr 16, | bnr 11 | Sigrid Brennhovd | 4 hyttetomtrettar |
| " 26, | " 34 | Torstein Lislalien | 2 " |
| " 48, | " 16 | Halvor H. Brennhovd | 3 " |
| " 48, | " 18 | Engebret I. Brennhovd | 3 " |
| " 26, | " 98 | Rangdi Kinnebergbråten | 3 " |
| " 20, | " 13 | Dbs. – ~~Halvor~~ Knut T. Brennhovd | 2 " |
| " 46, | " 18 | Per Sæther | 1 " |
| " 46, | " 27 | " " | |
| " 38, | " 16 | Knut Lio Erling Lio | 1 " |
| " 48, | " 143 | " " | |
| " 46, | " 12 | Torstein Roe | 1 " |
| " 38, | " 20 | Th. Brennhovd | 1 " |
| " 26, | " 16 | Th. Kinnebergbråten | 1 " |
| " 20, | " 2 | Th. Nibstad | 0 " |
| " 26, | " 12 | Hans Lien Lars Lien | 2 " |
| " 26, | " 48 | Th. Raunedokken | 1 " |
| | | | 25 hyttetomtrettar |

retta 46.5

===================

II

I tillegg vert fylgjande hyttetomter frådelt før 6. mars 1973 å innarbeide i reguleringsplanen som bygjetomter. Dersom arealdisponeringstilhøva tilseier det, kan tomtene verta flytta:

1. Tomter frå gnr 46, bnr 18 og gnr 46, bnr 27, Per Sæther:

Tomt gnr 46, bnr 68
" " 46, bnr 69
" " 46, " 70
" " 46, " 76
I alt 4 tomter

2. Tomt frå gnr 38, bnr 16, Knut Lio:

Tomt gnr 38, bnr 113
1 tomt

3. Tomter frå gnr 38, bnr 20, (48/12) Th. Brennhovd:

Tomt gnr 48, bnr 182
" " 48, " 137
I alt 2 tomter

III

Stølslaget har merka seg at lektor Torleiv Brennhovd i planforslaget ~~frå kommunen~~ er tildelt 2 tomter, (26/213 og 26/220). Tomtene inngår ikkje i forlik av 28. april 1978. Tomtene er begge tinglyst etter 6/3-1973. Stølslaget meiner at tomtene etter den praksis som er fulgt for andre, må tas ut av planen.

Tholeif H. Brennhovd

Gol, den 25. april 1985

Kjell Hamrebakken.
Erling Lio Ti. Skar.
Torsten Rislølien
T. Brennhovd Halvor Brennhovd
Sigrid T. Brennhovd
Lars Lein. T. Kvammenbråten
Per Sæther Knut O Brennhovd v/ P. Sæther.
Rangdi Kvammenbråten

Vedlegg til sak 110/85 K.

GOL KOMMUNE
Tlf.: (067) 74 100
3550 GOL

AVSKRIFT AV BREV DAT. 25. JUNI 1985 FRÅ RANGDI KINNEBERGBRÅTEN.

Til Gol kommune v/ordføreren.

Eg underskrivne Rangdi Kinnebergbråten ser seg nøygd til å sende eit skriv til Gol kommunestyre angåande reguleringsplan for Sjauset stølslag.
Den nordre hyttetomta som er skyldelt på min datter Kari Kinnebergbråten nå gift Skaret (såkalla arvetomt.) er nå foreslått flytta til ei "grop" mellom dei 2 andre skyldelte hyttetomtene mine, som ikkje egnar seg til hyttetomt.
Mine 3 hyttetomter er skylddelte på staden som er inntegna på kartet, og ikkje på den plassen som er føreslått.
Den foreslåtte hyttetomta er altså ikkje skyldelt.
Eg har skrive under på kartet på den måten at tomtene skal ligge der dei er skyldelt og inntegna og byggeklare. Og har også mått forleta ei ekstratomt som me alle skulle ha, og den ekstra tomta mi har vorte til beste for dei som har fått meir enn mange nok frå før.

Dersom dette ikkje går igjennom, forlangar eg plana attende.

Med vyrdnad
Rangdi Kinnebergbråten.

Gol, 25. juni 1985.
Rett avskrift:
Olaug Kvithaug Lio.

FYLKESMANNEN I BUSKERUD

OLDSAKSAMLINGEN
J.nr. 001844 02 SEP 85
SAKSB AEC
ARK.Nr.

Universitetets Oldsaksamling
Frederiks gt. 2
0164 OSLO 1.

DERES REF. | VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR) Jnr. 3229/85 ark. 714.8 OAB | DATO 30.08.1985

REGULERINGSPLAN FOR SJAUSET STØLSLAG.
NORE OG UVDAL KOMMUNE.

Overnevnte reguleringsforslag er mottatt hos fylkesmannen for stadfesting i medhold av § 27 i bygningsloven av 18.06. 1965, jfr. fullmakt av 02.07.1973 fra Miljøverndepartementet.

En ber herved om Oldsaksamlingens uttalelse til foreliggende forslag til reguleringsplan.

./. Vedlagte saksdokumenter bes sendt i retur med uttalelsen.

Etter fullmakt

Olfrid Buer

Olfrid Buer

Postadresse
Fylkeshuset
3000 Drammen

Kontoradresse
Haugesgt. 89

Telefon
(03) 83 81 50

Telex
71468

**GOL KOMMUNE**
TEKNISK ETAT
TLF. 067-74 100
3550 GOL

VÅR DATO 19.8.1985 — REFERANSE
DYKKAR DATO — REFERANSE

ref. M6-AMt

Fylkesmannen i Buskerud
Haugesgt. 89

3000 DRAMMEN

jnr. 3229/85
ark 714.8

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG.
---------------------------------------------

Gol kommunestyre vedtok nemnde plan med tilhøyrande reguleringsføresegner i møte 26.06.85, sak nr. 110.

Reguleringsplanforslaget er i utgangspunktet fremja av grunneigarane i området. Teknisk etat i kommunen har hjelpt til med reinteikninga av planen på transparent og har fargelagt dei nødvendige kopiar.

Når det gjeld saksdokument 28, kan opplysast at T. Brennhovd har bedt teknisk sjef om å legge brevet med saka når saka vart sendt fylkesmannen for stadfesting.

Med tilvising til ovannemnde bed ein om at planforslaget vert stadfesta.

Gol, 15.08.85

O. Fjøsne
O. Fjøsne
teknisk sjef

Vedlegg: 4 stk. reguleringsplanforslag på lerretskopi
4 stk. reguleringsføresegner
kopi av alle saksdokument etter dokumentliste

**GOL KOMMUNE**
TEKNISK ETAT
TLF. 067-74 100
3550 GOL

VÅR DATO — REFERANSE
DYKKAR DATO — REFERANSE

DOKUMENTLISTE:
--------------

1. Planforslag med tilhøyrande føresegner.
2. Bygningsrådssak 257/83 - 1. gongs behandling.
3. Kunngjering av planen i avisene, brev dagsett 05.01.1984
4. Brev dagsett 12.01.1984 til styrer, råd, instansar som har interesse i planen.
5. Utskrift frå møte i generalplanutvalet 30.01.1984, sak nr 27.
6. Utskrift frå møte i kulturutvalet 27.02.1984, sak nr. 6.
7. Utskrift frå møte i landbruksnemnda 23.08.1984, sak nr. 82.
8. Utskrift frå møte i fylkeslandbruksstyret 24.09.1984, sak nr. 436.
9. Brev frå fylkesmannen dagsett 13.02.1984.
10. Brev frå televerket dagsett 27.01.1984.
11. Brev frå vegsjefen dagsett 27.02.1984
12. Utskrift frå møte i Hemsedal bygningsråd 04.05.1984, sak nr. 86.
13. Brev frå teknisk etat i Ål dagsett 05.04.1984.
14. Brev frå Thorleif Kinnebergbråten og Lars Lien v/advokat Asle Hesla dagsett 25.01.1984.
15. Brev frå Ole Flatland dagsett 01.02.1984.
16. Brev frå Erling Lio dagsett 30.01.1984.
17. Brev frå Kjell Raunedokken og Lars Lien dagsett 29.01.1984.
18. Brev frå Tomas Roe dagsett 29.01.1984.
19. Brev frå Torstein Roe dagsett 18.01.1984.
20. Brev frå Gol og Hemsedal lensmannskontor/Ringerike politikammer dagsett h.h.v. 16.01. og 18.01 .1984.
21. Utskrift frå møte i Gol bygningsråd dagsett 9.10.84, sak nr. 274 (2. gongs behandling.
22. Oversendingsbrev til Gol formannskap dagsett 17.10.84
23. Udatert erklæring frå ein del grunneigarar i Sjauset stølslag motteke 28.12.84.
24. Utskrift frå møte i Gol kommunestyre 27.03.85, sak nr. 142.
25. Utskrift frå Gol formannskap 3.06.85, sak nr. 215.
26. Brev frå teknisk etat til Gol formannskap dagsett 13.06.85.
27. Utskrift frå møte i Gol kommunestyre 26.06.85, sak nr. 110.
28. Brev stila til fylkesmannen i Buskerud frå T. Brennhovd dagsett 8.08.85, levert til teknisk etat 9.08.85.
29. Oversiktskart som viser kvar planområdet ligg i kommunen.
30. Reg.plankartet som har vore lagt ut til off.ettersyn.
31. Kart som viser føretekne endringar etter at planen låg ute til off.ettersyn

## REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG

§ 1

Det regulerte området er på plankart C-1-12 dagsett 24.02.1982 vist med reguleringsgrense. Utnytting i området skal skje i samsvar med reguleringsplan.

§ 2

Før byggjeløyve vert gjeve skal det liggje føre tomtedelings-/utbyggingsplan godkjend av bygningsrådet for vedkomande byggeområde eller så stor del av planområdet som bygningsrådet finn bør detaljplanleggjast samla.

§ 3

OMRÅDE FOR HYTTER OG FRITIDSHUS

Tal for hytteeiningar i dei einskilde hyttefelt er påført plankartet. Med hytteeining meiner ein eitt fritidshusvære med tilhøyrande uthus. Kvar hytteeining kan oppførast med inntil 100 m2 golvareal.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar sjå til at bygga får god form og materialbruk.

Alle bygningar skal ha saltak og må ikkje ha meir enn ei høgd.

Form, høgd og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.

Grunnmr skal vere tett. Der det vert nytta søyle-/pillarfundament må felta mellom desse stengjast forsvarleg.

§ 4

JORD- OG SKOGBRUKSOMRÅDE

Område skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Det kan oppførast bygningar som har med slik drift å gjera.

§ 5

TRAFIKKOMRÅDE

Langs vegar som er opne for ålmen ferdsel skal det vera 30 m. byggelineavstand frå vegmidte.

§ 6

Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet gjere unntak frå desse reguleringsføresegnene innanfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for kommunen.

SÆRUTSKRIFT

frå møteboka til GOL LANDBRUKSNEMND i møte den 23. august 1984
Av landbruksnemnda's medlemer medrekna varamenn møtte 4.

GOL KOMMUNE
Dato: 29.8.84 | Arkiv: 504.1 | 7

| Landbruksnemnda | | Fylkeslandbruksstyre | |
|---|---|---|---|
| Gol | | Buskerud | |
| Møte 23.08.84 | Sak 82/84 J | Møte | Sak |
| Reg nr. | Tidl. sak | Reg.nr. | Tidl. sak |

REGULERINGSPLAN FOR OMRÅDET SJAUSET.

Det vises til tidligere landbruksnemndsak nr. 54/84 J.
Siden forrige møte er det kommet skriv fra en del av interessentene innen området v/adv. Ola Tollefsrud. I skrivet blir det, med bakgrunn i tidligere protestskriv fra Torstein Roe, gitt en del nye opplysninger knyttet til plasseringen av hyttetomtene til Rangdi Kinnebergbråten, Halvor Brennhovd, Per Sæther og Th. Kinnebergbråten.
Herredsskogmesteren har ut fra drøftingene på møtet i landbruksnemnda den 12.06.84 vært i kontakt med Rangdi Kinnebergbråten og Halvor Brennhovd med tanke på en endret plassering av hyttetomtene deres. I samråd med disse og med bakgrunn i de mijø- og arronderingsmessige forholdene har en kommet fram til følgende:

Vedk. gnr. 46 bnr. 27, Per Sæther:
Hyttetomta flyttes til nordsiden av setervegen derdet er en hyttekonsentrasjon fra før.

Vedk. gnr. 26 bnr. 98, Rangdi Kinnebergbråten:
De fire tomtene til R. Kinnebergbråten er lagt til skoghellingen sør for seterlaget. Omårdet som tidligere var hardere beitet, er nå bevokst med veksterlig, yngre gran og her er relativt god mark, bonitet 3- 4. Hyttene, spesiellt den nordligste, som er plassert oppe på en haug, vil få en markert beliggenhet i forhold til seterlaget. Rangdi Kinnebergbråten regner imidlertid med at hun bare har denne reelle mulighet til å nytte sin del av hyttekvoten i området, da hun ellers bare har en vanskeligere tilgjenglig briskerem innenfor Hovdestølen mot Hamnaskjel. Hun godtar en flytting av den vestligste av tomtene lenger ned og øst mot den østligste av tomtene, (se merknad på kart).

Vedk. gnr. 48, bnr. 16, Halvor Brennhovd:
Heller ikke Halvor Brennhovd regner at han har annen mulighet til å få nytte sin hyttekvote i området enn å plassere tomtene i heimeskogen øst for Eldbjørvollen Området er snauhogd og har god 4. bonitet. Halvor Brennhovd vil imidlertid godta en mindre dominerende plassering av tomtene ved at de legges i den glisne skogen langs eiendommens nordgrense. Det er her glissen bevoksning med eldre gran og noe furu på mer steinet mark, stedvis noe vassjukt.

| Sign. Lbn. | Sign. Fl.st. | Utskrift sendt til |
|---|---|---|
| O. B. | | |

50 000 3 83 e.trykk Oslo
M-394 TRE

S Æ R U T S K R I F T

frå møteboka til GOL LANDBRUKSNEMND i møte den 23. august 1984.
Av landbruksnemnda's medlemer medrekna varamenn møtte 4.

| Landbruksnemnda | | Fylkeslandbruksstyre | |
|---|---|---|---|
| Gol | | Buskerud | |
| Møte 23.08.84 | Sak 82/84 J | Møte | Sak |
| Reg.nr. | Tidl. sak | Reg.nr. | Tidl. sak |

Framlegg til vedtak:

Gol landbruksnemnd vil, med de endringene som er nevnt, rå til at framlegget til reguleringsplan for området Sjauset blir godkjent.
Nemnda mener at jordloven fortsatt bør gjelde i de kartfestede byggeområder.
Når det gjelder allerede godkjente tomter føler nemnda seg bundet av tidligere vedtak av landbruksmyndighetene.

Samrøystes vedtak:
Framlegget vedteke.

Rett utskrift:
Gol, 28. august 1984

Sendes med 2 vedlegg til Buskerud fylkeslandbruksstyre, 3000 Drammen til vidare handsaming.
Ein viser elles til saksdokument sendt beinveges frå Gol bygningsråd.

Gol landbruksnemnd, 3550 Gol, 28. august 1984.

Olav Brenstad

Kopi: Sjauset seterlag v/Th. Kinnebergbråten, 3550 Gol
Gol bygningsråd, 3550 Gol.

| Sign. Lbn. | Sign. Fl.st. | Utskrift sendt til |
|---|---|---|
| O. B. | | |

(8)

FYLKESLANDBRUKSSTYRET

I BUSKERUD

IJ/SW J.jnr. 32/84. 3000 DRAMMEN, 25. septemb.1984.

GOL

27.9.84 504.1 0.F.

Gol kommune,

Teknisk etat,

3550 G O L.

-------------

./. Til underretning sender vi Dem vedlagt utskrift av møteboken for Fylkeslandbruksstyret i Buskerud vedkommende sak nr. 436/1984 J.

Etter fullmakt:

Idar Jørgensen

Gjenpart er sendt til:

Advokat Ola Tollefsrud,

3550 GOL.

FYLKESLANDBRUKSSTYRET
I BUSKERUD

Buskerud fylkeslandbruksstyres protokoll fra møte 24. 09. 1984.

Sak 436 J:

Reguleringsplan for Sjauset, plan sist datert 30.12. 1983.

Landbruksnemnda i Gol uttaler i sak 54/1984 J:

"Frå Gol bygningsråd sendt til uttale framlegg til reguleringsplan for nemnde område.

Planområdet er på i alt 4100 dekar. Innan dette området finn ein 14 setereigedomar med 76 dekar fulldyrka, og 184 dekar anna jordbruksareal. 1262 dekar er registrert som dyrkbar mark.

Iflg. framlegget til reguleringsplan er det innan området Sjauset 65 eldre hyttetomter m/hytter. I tillegg kjem 14 tomteparseller som fylkeslandbruksstyret tidlegare har godkjent frådelt.

Planen reknar vidare med 21 nye hyttetomter slik at det totale hyttetomttal for Sjauset iflg. planframlegget vert på i alt 100.

Talet på nye hyttetomter er i samsvar med dei retningsliner for utmarksutnyttinga i Gol som tidlegare er vedteke av Gol kommunestyre. Kfr. sak 175/78 K.

Ein viser elles til saksvedlegg med eigedomsoversyn og oppgåve over fordeling av hyttetomtene på dei einskilde eigedomar.

Gol landbruksnemnd synfarde dei aktuelle arealer i dag. Alle setereigedomane innan Sjauset seterlag, med unnatak av Knut O. Brennhovd, var representert under synfaringa. I tillegg var fylkeslandbrukssjef Vale og fylkesagronom Fredriksen med.

Torstein Roe la under synfaringa fram kopi av skriv av 18.01.84 sendt Gol bygningsråd med protest mot plasseringa av tomtene nærast Sjauset setergrend. Etter det ein kunne registrera under synfaringa galdt protesten fylgjande tomter: Rangdi Kinnebergbråten, 4 tomter (3 av desse er tidlegare godkjent av landbruksmyndigheitene), Halvor H. Brennhovd, 3 tomter, Per Sæther,1 tomt og Th. Kinnebergbråten,1 tomt.

T. Roe grunna protesten med at fleire hyttetomter i nærområdet til setergrenda vil ha uheldig innverknad på jordbruksmiljøet på staden. Roe gjekk inn for at tomtene skulle plasserast lenger vest, nærare Hovdestølen.

Samrøystes vedtak:

Saka blir å setja ut med tanke om vidare handsaming på neste møte."

Videre uttaler nemnda i sak 83/1984J:

Det vises til tidligere landbruksnemndsak nr. 54/84 J.
Siden forrige møte er det kommet skriv fra en del av interessentene innen området v/adv. Ola Tollefsrud. I skrivet blir det, med bakgrunn i tidligere protestskriv fra Torstein Roe, gitt en del nye opplysninger knyttet til plasseringen av hyttetomtene til Rangdi Kinnebergbråten, Halvor Brennhovd, Per Sæther og Th. Kinnebergbråten.
Herredsskogmesteren har ut fra drøftingene på møtet i landbruksnemnda den 12.06.84 vært i kontakt med Rangdi Kinnebergbråten og Halvor Brennhovd med tanke på en endret plassering av hyttetomtene deres. I samråd med disse og med bakgrunn i de mijø- og arronderingsmessige forholdene har en kommet fram til følgende:

Vedk. gnr. 46 bnr. 27, Per Sæther:
Hyttetomta flyttes til nordsiden av setervegen der det er en hyttekonsentrasjon fra før.

Vedk. gnr. 26 bnr. 98, Rangdi Kinnebergbråten:
De fire tomtene til R. Kinnebergbråten er lagt til skoghellingen sør for seterlaget. Omårdet som tidligere var hardere beitet, er nå bevokst med veksterlig, yngre gran og her er relativt god mark, bonitet 3- 4. Hyttene, spesiellt den nordligste, som er plassert oppe på en haug, vil få en markert beliggenhet i forhold til seterlaget. Rangdi Kinnebergbråten regner imidlertid med at hun bare har denne reelle mulighet til å nytte sin del av hyttekvoten i området, da hun ellers bare har en vanskeligere tilgjenglig briskerem innenfor Hovdestølen mot Hamnaskjel. Hun godtar en flytting av den vestligste av tomtene lenger ned og øst mot den østligste av tomtene, (se merknad på kart).

Vedk. gnr. 48, bnr. 16, Halvor Brennhovd:
Heller ikke Halvor Brennhovd regner at han har annen mulighet til å få nytte sin hyttekvote i området enn å plassere tomtene i heimeskogen øst for Eldbjørvollen Området er snauhogd og har god 4. bonitet. Halvor Brennhovd vil imidlertid godta en mindre dominerende plassering av tomtene ved at de legges i den glisne skogen langs eiendommens nordgrense. Det er her glissen bevoksning med eldre gran og noe furu på mer steinet mark, stedvis noe vassjukt.

Framlegg til vedtak:

Gol landbruksnemnd vil, med de endringene som er nevnt, rå til at framlegget til reguleringsplan for området Sjauset blir godkjent.
Nemnda mener at jordloven fortsatt bør gjelde i de kartfestede byggeområder.
Når det gjelder allerede godkjente tomter føler nemnda seg bundet av tidligere vedtak av landbruksmyndighetene.

Samrøystes vedtak:
Framlegget vedtake.

Som vedlegg følger brev fra Thorstein Roe av 05.06. 1984 og 13.06. 1984 samt brev fra advokat Ola Tollefsrud av 22.06. 1984. Det er også vedlagt kart over endel av planområdet.

Fylkeslandbrukssjefens merknader:

Område F 1 i den landbruksfaglige arealvurdering av utmarksområdene i Gol omfatter deler av eksisterende og planlagt ny hyttebebyggelse. Det strekker seg fra Veslestølen og vestover, men omfatter ikke Hovdestølen og områdene vest for denne.

Stølsområdet på Sjauset må betraktes som et godt landbruksområde. Her er ialt 10-12 stølsvoller - mange er fulldyrket og består av lettdrevet jord. Utenfor stølsvollene er det til dels produktiv skog. I hele stølsområdet er det endel hytter fra før, men mest konsentrert til den vestlige del. Eldre såvel som nye hytter er plassert i tilknytning til veiene i området. Det gir en viss konsentrasjon, og med store ubebygde områder i nord og sydøst.

Thorstein Roe har protestert mot flere hytter omkring sin stølsvoll, gnr. 46 bnr. 12, og mener at tomtene til Rangdi Kinnebergbråten bør flyttes til en teig vest for Hovdestølen. Dette er en ubebygget teig, og flytting av tomtene hit vil kreve veibygging. Fylkeslandbrukssjefen har forståelse for de problemer som Roe viser til i sine brev.
Landbruksnemnda har ikke gått inn for Roe's forslag om flytting av tomter, men anbefaler mindre endringer i samråd med de respektive grunneiere. Fylkeslandbrukssjefen finner å kunne slutte seg til dette, men vil anmode om at den tomt på gnr. 26/98 som ligger nærmest stølsvollen til Torstein Roe også vurderes flyttet.
Landbruksnemnda går inn for at jordloven skal gjelde for kartfestede byggetomter. Fylkeslandbrukssjefen er i prinsippet enig i dette forslag, men en har erfaring for at det er vanskelig å få gjort jordlovens delingsparagraf gjeldende i et tidligere hytteområde. Bakgrunnen er at mange av tomtene allerede har vært solgt.
Fylkeslandbrukssjefen finner derfor ikke å kunne ta opp dette forslaget.

Innstilling:

Buskerud fylkeslandbruksstyre viser til merknadene fra fylkeslandbrukssjefen. Reguleringsforslaget for Sjauset kan anbefales med de endringer som landbruksnemnda har foreslått.

Enstemmig vedtak: Som innstillingen.

Rett utskrift: Sv. Wiau.

(9)

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

FYLKESRÅDMANNEN

16.2.84 504.1 OF.

Gol kommune
Teknisk etat

3550 GOL

| DERES REF.: | DERES BREV | VÅR REF.: | DATO |
|---|---|---|---|
| | | U.jnr. 112/84<br>Ark. 714<br>KAa/IB | 13.2.1984 |

GOL KOMMUNE - REGULERINGSFORSLAG FOR OMRÅDET SJAUSET STØLSLAG. PLANKART DAGSETT 24.2.1982, SIST RETTA 30.12.1983

Dykkar brev av 12.1.1984.

Fylkeskommunen har desse merknadene til reguleringsforslaget:

1. Kommuneplansamanhang m.m.

